

Saksbehandlar: Audun Erik Sunde, Nærings- og kulturavdelinga
 Sak nr.: 18/472-1

Utbygging og drift av Nova-feltet. Høyring av konsekvensutgreiing.

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik fråsegn:

Som i fråsegn til KU-programmet, vil Sogn og Fjordane fylkeskommune konsentrere fråsegn til konsekvensutgreiing om utbygging og drift av Nova-feltet rundt samfunnsmessige verknadar:

1. Elektrifisering, driftsorganisasjon, forsyningsbase, persontransport og involvering av leverandørindustrien i fylket er sentrale stikkord for forventningar frå Sogn og Fjordane i samband med nye utbyggingar utanfor fylket. Konsekvensutgreiinga er utydeleg i høve ringverknadar i Sogn og Fjordane, og det er naturleg å spisse nokre av forventningane.
2. Florø ligg nærast feltet. Her er det over tid utvikla areal, kompetanse og annan infrastruktur slik at industrien leverer komplette og konkurransedyktige tenester. Tre operatørselskap er etablerte, og føresetnadane for effektivt samarbeid er dei aller beste. Dette tilseier at det både med omsyn til økonomi, miljø og tryggleik, så vel som ut frå omsyn til at aktivitet offshore skal syne att i aktivitet på land, bør Florø veljast som forsynings- og helikopterbase. Det er gledeleg at fagforbundet Industri Energi i fråsegn til KU-program går inn for denne løysinga. I forhold til helikoptertransport vil vi peike på at avstanden frå Nova til Florø er vesentleg kortare enn til Flesland, med dei tryggleiksaspekt dette har.
3. Utbygging av Nova-feltet vil m.a. innebere omfattande aktivitet knytt til røyrlegging og installasjon av subseamodular. Å definere Florø som transportknutepunkt (både personell og utstyr) også for desse aktivitetane, er viktig for at leverandørindustrien vår skal finne grunnlag for eit best mogleg inngrep i prosjektet. Så snart hovud-/systemleverandørane er valde, forventar vi difor at det blir arrangert leverandørseminar eller anna med tilsvarande effekt, slik at kontakt mellom desse og leverandørindustrien kan etablerast for å sikre eit best mogleg grunnlag (informasjonsflyt mm.) for konkurransedyktige tilbod av støttetjenester og utstyr.
4. For Nova er det i seinare driftsfase grunn til å tru at det vil være omfattande aktivitet knytt til lagring og vedlikehald av subseautstyr. Vedlikehald av innsendt utstyr bør vere eit absolutt minimum av driftsoppgåver som bør leggest til Florø. Denne modellen er i dag gjeldande for Gjøa, så vel som for Vega (Wintershall operatør). På Fjord base og i området elles, er det over tid utvikla infrastruktur og erfaring til å ta hand om slike oppgåver (subsea og anna utstyr). Lokalt bachelorstudium i undervass-/havromsteknologi er med å styrkje denne kompetanse-basen.

SAKSFRAMSTILLING


Operatørselskapet Wintershall har sendt konsekvensutgreiing (KU) for utbygging og drift av Nova-feltet (tidlegare Skarfjell) på høyring. KU utgjer del 2 av plan for utbygging og drift (PUD), som er planlagt fremja for myndigheitene i løpet av 2018.

Andre lisenspartnarar er Capricorn Norge AS, Spirit Energy Limited, Edison Norge AS og DEA Norge AS. Konsekvensutgreiinga ligg på

https://www.wintershall.no/fileadmin/assets/05_Documents/05.4_Other_PDFs/FINAL_Konsekvensutredning.pdf. Frist for fråsegn er 5. februar.

Omtale av Nova-feltet

Nova er eit oljefunn i nordlege Nordsjøen, lokalisert 16 kilometer sørvest for Gjòa og mellom funna Titan (35/9-6S) og Grosbeak (35/12-2). Figur 3.1 frå KU syner lokaliseringa til feltet.



Figur 3.1 Lokalisering av Nova i Nordsjøen.

Tilrådd utbyggingsløyising for Nova er havbotnbygging med tilknytning til Gjòa for prosessering og eksport. Løysinga inneber installasjon av to havbotnrammer som blir knytt til Gjòa via to produksjonsrør, rørleidning for vassinjeksjon, rørleidning for gassløft samt service- og kontrollkabel. Etter prosessering på Gjòa vil Nova-oljen bli eksportert via Troll oljerørleidning (TOR II) til Mongstad, mens gassen blir eksportert via rørleidninga FLAGS til St. Fergus i Storbritannia.

Den tilrådde utbyggingsløyisinga vil ha fleksibilitet i forhold til eventuell tilknytning av framtidige brønningar. For den tilrådde utbyggingsløyisinga er totale utvinnbare reserver ved økonomisk levetid ut 2027 estimert til 80 millionar fat oljeekvivalentar. Produksjonen vil starte i 2021.

Tilrådd borekonsept er basert på boring med ein halvt nedsenkbar borerigg. Borestart er planlagt til fjerde kvartal 2019 med boring i om lag 13 månadar. Installasjonsarbeidet vil føregå i perioden 2019 til 2020.

Dei totale investeringskostnadane for utbygging av Nova er estimert til om lag 13,2 mrd. 2017-kr. Drift av Nova vil i hovudsak bli integrert i driftsorganisasjonen til Gjòa og vil bidra til at sysselsettinga i Flørø relatert til drift og forsyning av Gjòa vil kunne bli oppretthalden i produksjonsperioden. Den totale sysselsettingseffekten av utbygging og drift av Nova er berekna til totalt rundt 10.000 årsverk i perioden 2018-27.

Samfunnsmessige verknadar og tidlegare høyring av KU-program

Fylkesutvalet handsama 25. november 2015 KU-program for Skarfjell (no Nova) i sak 114. Under følgjer innhaldet i fråsegna saman med kommentar frå Wintershall.

Fråsegn KU-program	Kommentar Wintershall
Sogn og Fjordane fylkeskommune etterlyser ei grundig drøfting av	Samfunnsmessige ringvirkningar vil

samfunnsmessige ringverknader i konsekvensutgreiinga. Elektrifisering, driftsorganisasjon, forsyningsbase, persontransport og involvering av leverandørindustrien i fylket er sentrale stikkord for forventningar frå Sogn og Fjordane i samband med nye utbyggingar utanfor fylket.	utgjøre en sentral del av samfunnsanalysen i konsekvensutredningen. Type og omfang av ringvirkninger vil avhenge av hvilket utbyggingskonsept som blir anbefalt. Lokalisering av sentrale funksjoner for feltets drift vil bli belyst i konsekvensutredningen.
Elektrifisering er eit viktig element i forhold til utvikling av sentral fysisk infrastruktur. Det er positivt at dette er basialternativ ved ei sjølvstendig utbygging. Arbeidet må ta utgangspunkt i at krafta skal hentast frå Sogn og Fjordane. Vi ber om tidleg involvering av regionalt nettselskap som gjorde eit grundig arbeid i samband med planar for Gjøautbygginga.	Kommentaren tas til etterretning.
Lokalisering av driftsorganisasjon er eit viktig verkemiddel for å få til kompetansearbeidsplassar og næringsutvikling lokalt. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at operatøren greier ut korleis ein driftsorganisasjon i Florø kan utviklast.	Kommentaren tas til orientering. Størrelse og lokalisering av en driftsorganisasjon avhenger av anbefalt utbyggingskonsept og vil bli belyst i konsekvensutredningen.
Florø har tilgjengeleg infrastruktur og lang erfaring som forsynings- og helikopterbase og som stad for lagring og vedlikehald av utstyr, deriblant avansert subseautstyr. Florø ligg svært sentralt plassert i høve Skarvfjell. Eksisterande forsynings- og helikopterruter mellom Florø og Gjøa tilseier at det bør liggje sjeldan godt til rette for effektive samarbeidsløysingar.	Kommentaren tas til etterretning.
Vi ber også om at operatøren greier ut korleis det best kan leggest til rette for involvering av leverandørindustrien i fylket.	Kommentaren tas til orientering. Anbudsprosesser vil være i henhold til nasjonalt og internasjonalt regelverk og praksis.
Det er naturleg at vi er aktive bidragsytarar på fleire av dei punkt som her er nemnde. I samband med planar for utbygging og drift av Knarrfeltet (tidlegare Jordbærfeltet) utarbeidde vi eit regionalt bidrag til arbeid med lokaliseringsstudie, og vi erfarte ei inkluderande haldning frå operatørselskapet. Vi ber om at det vert lagt til rette for ein open og konstruktiv dialog, slik at vi er trygge på at tilsvarande og oppdatert kunnskapsgrunnlag vert lagt til grunn i den vidare prosessen. Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer å ta rolla som regionalt kontaktpunkt i forhold til dette.»	Kommentaren tas til etterretning.

I kapittel 10.6 om samfunnsmessige verknadar skriv operatøren noko meir om dette. *I forhold til forsyningsbase:* «Anbudsprosesser vil være i henhold til nasjonalt og internasjonalt regelverk og praksis. Norsk industri har de siste årene vært gjennom en stor omstilling og er meget konkurransedyktig. På Maria-utbyggingen, hvor Wintershall er operatør, er rundt 90 prosent fra leverandører med norsk fakturaadresse. De siste årene har Wintershall boret en rekke lete- og avgrensingsbrønner i Nova- og Vega-områdene, og for alle brønnene har forsyningsbasen i Florø vært benyttet.»

I forhold til helikopterbase: «Det er ikke avgjort om personelltransporten til og fra riggen som skal bore produksjonsbrønnene på Nova vil foregå fra Florø eller Flesland. Avgjørelsen blir formelt tatt samtidig som borekontrakten blir tildelt, trolig i siste halvdel av 2018. Wintershall har i forbindelse med lete- og avgrensingsboringer på Nova og i Vega-området benyttet Flesland som heliport da dette har vært økonomisk og operasjonelt det beste alternativet.»

I forhold til driftsorganisasjon: «Produksjonsstyringen vil i hovedsak bli integrert i driftsorganisasjonen til Gjøa og vil derfor bidra til at sysselsettingen i Florø relatert til drift og forsyning av Gjøa blir opprettholdt i produksjonsperioden. Det er ventet at produksjon på Gjøa og Vega vil bli opprettholdt fram til 2027 uavhengig av utbygging av Nova. Videre vil Wintershall ha rundt fem medarbeidere som i driftsfasen vil arbeide direkte med Nova. I tillegg vil det være en pool med spesialister som Nova og andre felt vil kunne trekke ressurser fra. Overordnet driftsansvar skjer fra Stavanger.»

Dette kan tolkast som følgjer:

1. Det kan liggje til rette for at Florø vert forsyningsbase for utbygging av Nova-feltet, men spørsmålet er likevel heilt ope.
2. Det er høgst uvisst om Florø vert helikopterbase for utbygginga. Dei har ved tidlegare leiteboring vurdert Flesland som eit betre alternativ.
3. Det vert ikkje oppretta nokon driftsorganisasjon for Nova-feltet i Florø/Sogn og Fjordane.

Vurdering

Det er gjort fleire interessante funn av petroleum utanfor Sogn og Fjordane. Ikkje minst i området der Nova ligg (kvadrant/blokk 35), har Oljedirektoratet gitt tydelege signal om at det må vere godt samvirke mellom ulike lisensar, slik at ein i sum får gode og fleksible løysingar som sikrar høg ut-vinningsgrad. Det er grunn til å tru at det ikkje blir mange nye frittståande utbyggingar i området.

To alternativ har vore lanserte for utbygginga. Tilknytning til Gjøa eller frittståande utbygging. Ei frittståande utbygging ville tilseie meir aktivitet (mellom anna ei ny plattform å forsyne gjennom levetida), mens tilknytning til Gjøa styrkjer aktiviteten der.

Sjølv om tilknytning til Gjøa no er valt, er det viktig å sikre at dette blir eit Sogn og Fjordane-prosjekt. Nova ligg i vårt absolutte nærrområde. Vi har i dag ein infrastruktur for å understøtte aktiviteten i dette området med tre operatørselskap på plass. Grunnlaget for å få til gode og effektive samarbeidsløysingar mellom operatørselskapa burde vere det aller beste.

Erfaringane frå utbygging og drift av Gjøa, og i den seinare tid også Knarr, tilseier at det å få eit nytt operatørselskap til å etablere aktivitet lokalt, betyr mykje og tilfører ny dynamikk og ringverknader.

Eit KU-program er normalt ganske detaljert når det gjeld miljøspørsmål. Dette var tilfelle også for KU-program Skarfjell. Difor valde fylkeskommunen å konsentrere fråsegna om andre samfunns-messige effektar, og då særleg på lokalt og regionalt nivå. Dette prinsippet er også lagt til grunn ved noverande høyring av KU.

Framlegg til fråsegn til KU er gjennomgått av petroleumsrådet og i tråd med deira kommentarar.

Fylkesrådmannen beklagar at ferdigstillinga av saka kjem så tett opp mot møtet i Petroleumsrådet (22.01) og FU (23.01).